

Sterke og aktuelle forfattarnamn



Jørn Lier Horst har, med sine to siste bøker, teke steget opp som ein av dei beste norske krimforfattarane. I haust har han gitt ut ein ny kriminalroman med tittelen «Hulemannen».

Møt Jørn Lier Horst i Krimfjosen i Angedalen fredag 18. oktober



Hans Olav Lahlum er i haust ute med sin femte kriminalroman på få år. Kritikanane likar også den siste som har tittelen «Kameleonmenneskene».

Møt Hans Olav Lahlum i Bokbadet på Rica Sunnfjord Hotell laurdag 19. oktober



Monika Nordland Yndestad og **May Lis Ruus** har begge skrive bøker som handlar om sterke skildringar av overgrep mot mindreårige.

Møt dei to i samtale med Marit Bendz i Krimfjosen fredag 18. oktober



Anne Viken les frå si nye bok til dei unge rundt leirbålet.

Møt ho på Tefre Ridegard torsdag 17. oktober



FØRDE 17.–19. OKTOBER 2013

Krimfest

SUNNFJORD

- Middag med Mord i ny utgåve
- Spennande kveld i Krimfjosen



Møt vinnaren av Riverton-prisen!

Jørn Lier Horst kjem til årets Krimfest Sunnfjord. Han vann Riverton-prisen for boka «Jakthundene» i fjor. Denne hausten er han aktuell med ny krimroman.



... og gløym ikkje
Middag med Mord

I år kan du bli med på ein ny og kriminelt spennande variant av Middag med Mord i Hagleik på Rica Sunnfjord Hotel laurdag 19. oktober. Som publikummar blir du trekt aktivt med i framsyninga!

Her kjøper du billetter

Krimfjosen og Bokbadet: Servicetorget i Førde kommune (tlf. 57 72 20 00).
Middag med Mord: I resepsjonen på Rica Sunnfjord Hotel (tlf. 57 83 40 00).

Under Bokbadet og i Krimfjosen blir det også selt billetter i døra.

Krimfest
SUNNFJORD

Krimfest Sunnfjord. Tlf. 924 48 784. Følg oss på



Program Krimfest Sunnfjord 2013



Middag med Mord
- I NY UTGÅVE!

TORS DAG 17. OKTOBER

Samling rundt bålet kl. 18.00

I samarbeid med Barnas Turlag arrangerer vi samling rundt leirbålet på Tefre ridegård. Ope for alle. Anne Viken les frå si siste bok «Elise og mysteriet på hesteteknikken». Billett kr 50.

FREDAG 18. OKTOBER

Krim og etterforsking kl. 12.00

Forfattar og tidlegare politimann Jørn Lier Horst snakkar om etterforsking og om sine egne bøker. Han viser korleis han tok med egne erfaringar som etterforskar inn i krimbøkene sine. Arrangement for inviterte skuleklassar på Førde Bibliotek.

Krimkveld i fjøsen på Hegrenes bruk kl. 19.30

Her møter du Jørn Lier Horst som med sine siste to bøker har teke steget heilt opp i det øvste sjiktet blant norske krimforfattarar. Du møter også forfattarane Monika Nordland Yndestad og May Lis Huus. Monika er kjend for kritikkaroste kriminalroman «Jentene frå balletten», mens May Lis er i full gang med romanserien «Nattmannens datter». Begge har skrivne bøker som tar opp eit høgaktuelt tema – sterke overgrep mot mindreårige born. Alle dei tre forfattarane blir intervjuva av Marit Bendz. Arrangementet i Krimfjøsen startar klokka 19.30 med fakkeltog frå parkeringsplassen ved gamleskulen i Angedalen. Transport med minibuss frå Taxisentralen i Førde klokka 19.00. Pris kr 50 tur/retur. Det blir ein pause i programmet klokka 20.45, då blir det servert Krimsuppe og det er open bar. Musikkinnslag av Olaug Elise Alvheim. Sal av signerte bøker. Billett kr 180, billettsal på Servicetorget i Førde kommune og i inngangsdøra.



LAURDAG 19. OKTOBER

Signering av bøker frå kl. 11.00

Krimforfattar Jørn Lier Horst signerer sin ferske roman «Hulemannen» på Norli Førde Torg frå kl. 10–11, og på Norli Handelshuset frå kl. 11–11.55.

Krimforfattar Hans Olav Lahlum signerer sin nye roman «Kameleonmenneskene» på Norli Førde Torg frå kl. 11–12.



Bokbad på Rica Sunnfjord Hotell kl. 12.30

Under årets bokbad får vi besøk av ein av landets mest produktive og populære forfattarar, Hans Olav Lahlum. Han kom nyleg med sin femte kriminalroman, og «Kameleonmenneskene» får like god mottaking som dei føregåande bøkene. Han blir intervjuva av Marit Bendz i Biblioteket på Rica Sunnfjord Hotel. Billett kr 100, billettsal på Servicetorget i Førde kommune og i inngangsdøra. Det blir også sal av enkel lunsj og drikkevarer. Sal av signerte av bøker.

Middag med Mord på Rica Sunnfjord Hotel kl. 20.00

I år er det klart for ei heilt ny utgåve av krimteater med tre rettars middag attåt – denne gongen på Rica Sunnfjord Hotel. Profesjonelle skodespelarar i Turnékompaniet byr publikum opp til ein kriminalkomedie der publikum blir aktivt trekte i med i framsyninga. Her bør du vere tidleg ute for å sikre deg billett! Billett for teaterframsyninga og dei tre rettane kr 780. Billettsal i resepsjonen på Rica Sunnfjord Hotel (tif. 57 83 40 00).

Middag med Mord - Årets meny

Forrett: Krema hummarsuppe. Hovudrett: Biff oksefilét, friske, sauterte grønnsaker, potet- og sellerirotpuré tilsmakt urter og kvitløk, soppsaus. Dessert: Sjokoladefondant, vaniljeis og friske bær.